

FISKERIDIREKTORATET
BIBLIOTEKET

- 8 JUNI 1995



ÅRSMELDING

1983

FISKERIETTLEIAREN I HERØY
MØRE OG ROMSDAL

3388/6 1765

INNHALDSFORTEGNING

Kapittel	Side	Innhald
1	1	Fiskerikontoret/innledning
2	2	Nemnder/Fiskarlag
3	3	Fiskarmannatalet
4	5	Fiskeflåten i Herøy
	6	Tabell over merkeregisteret
	7	Ringnotflåten
	7	Industritrålerflåten
	8	Bankline/garn-flåten
	9	Rekefrysetrålarane
	9	Ulike kombinasjonsbåtar av eldre type
	10	Kystfiskebåtar
5	12	Fiskeindustrien i Herøy
6	14	Service for fiskeflåten
	14	Skipsbygging/reparasjon
	14	Elektrisk/elektronisk service
	14	Fiskereiskap
	15	Hamner
	15	Bunkers
	15	Proviant
	16	Regnskap/administrasjon
	16	Privatbankane
7	17	Statens Fiskarbank
	17	Lån til styrking av likviditet
	18	Lån til ombygging og utstyr
	20	Lån til nybygg
	20	Lån til serviceanlegg
	21	Lån til brukte fartøy
	22	Lån til reiskap
	23	Utsettjing på betaling av avdrag
8	24	Søknader om konsesjonar-nye og overføringer
9	25	Skader på trålreiskap grunna oljeverksemda i Nordsjøen
10	26	Olje/fisk-fondet
	27	Tabell Olje/fisk-fondet
11	28	Aquakultur i Herøy

Fiskerirettleiar-kontoret

Kontoret ligg i sentrum av Fosnavåg. Lokala er nye og trivelege og med god plass. I 1983 var skipper Odd E. Sævik tilsatt som sakshandsamar på midlar for arbeidsmarknadstiltak. Ordninga varte i 10 mnd.

Fiskerirettleiar Ragnvald Vågsholm hadde permisjon frå den 10/2-15/4. Ordninga med Sakshandsamar/kontorassistentar på 10 mnd engasjement utan mulighet til forlenging er uhaldbart. Det er skifte av medarbeidrarar kvart år. Ei fiskerikommune som Herøy burde hatt sakshandsamar på fast stilling. Det ser imidlertid ut som at det ikkje i uoverskridelig framtid kan vente å få noko fast stilling på kontoret.

Til samanlikning kan det nemnast at i Austevoll er det 1 fiskerirettleiar, 1 sakshandsamar og 1 kontorassistent, det same i Vestvågøy og Tromsø. Dette er kommuner som Herøy i fullt mon kan jamstillast med i fiskerisamanheng.

På jordstyrekontoret i Herøy er det 1 herredsagronom, 1 jordstyreteknikar og 1 kontorassistent, alle på fast stilling.

I Fiskerinemnda måtte ein i hovedsak basere seg på 25-30 minimøter der formann eller nestformann møtte for å få sakene unna i rett tid. Nemnda hadde 5 fulltalige møte i 1983. På desse møta vart sakene frå mini-møta refererte.

Det aukande arbeidet med ulike typer skjema er tidkrevande og tek som oftast tida som skulle brukast til ymse tiltaksarbeid av ymse slag, og som ko-ordinator for folk med idear og tiltakslyst.

Besøksfrekvensen på kontoret er høg, likeins telfonsamtaler.

Kontoret hadde i 1983 864 utgåande brev. Fiskerirettleiaren må og halde seg informert om ei heil rekke saksområde og arbeide med dei, medan ein i direktorat og departement har særskilte folk på dei ulike saksområde.

På den andre sida gjev arbeidet som fiskerirettleiar uvanleg god og mangfoldig praksis.

NEMDER I HERØY MED TILKNYTING TIL FISKERINEMDA

FISKERINEMDA I HERØY 1980-1983

- 1:Arne Sævik, 6094 Leinøy:Formann
- 2:Arnt Leinebø, 6094 Leinøy,nestformann.
- 3:Otto Kalland, 6096 Runde
- 4:Kleofas Kvalsvik, 6099 Kvalsvikøy.
- 5:Odd Egil Sævik, 6094 Leinøy

Personlege varamedlemmar

- 1:Einar Nerland, 6094 Leinøy
- 2:Knut P. Sævik, 6094 Leinøy
- 3:Reidar J. Remøy, 6094 Leinøy
- 4:Hans Petter Leine, 6094 Leinøy
- 5:Johan I. Frøystad, 6095 Bølandet.

TAKSTNEMD FOR STATENS FISKARBANK ! PERIODA 1980--1983

Arne Sævik, 6094 Leinøy(form.)

Elias Tjervåg, 6070 Tjørnvåg

Knut P. Sævik, 6094 Leinøy

Varamenn:

- Reidar Remøy, 6094 Leinøy
Johs. Bj. Eggesbø, 6092 Eggesbønes
Arne Jøssok, 6080 Gurskøy.

LOKALE FISKARLAG I HERØY

1. Runde Fiskarlag; Formann Einar P. Runde, 6096 Runde
2. Remøy og Sævik Fiskarlag; Formann Terje Sævik, 6094 Leinøy
3. Leine og Voldsfjord Fiskarlag; Formann Bjarte Rogne, 6094 Leinøy
4. Frøystad Fiskarlag; Formann Erling Eide, 6095 Bølandet
5. Bø og Sande Fiskarlag; Formann Hans Sande, 6095 Bølandet
6. Indre Herøy Fiskarlag; Formann Reidulf Moltu, 6076 Moldtustrand
7. Fosnavåg Fiskarlag; Formann Arnstein Warholm, 6092 Eggesbønes
8. Nerlandsøy Fiskarlag; Formann Berner Kopperstad, 6098 Nerlandsøy
9. Kvalsvik Fiskarlag; Formann Jan Magne Kvalsvik, 6099 Kvalsvikøy

FISKARMANNTALET

Fiskarmanntalet skal sikre ei registrering av alle som bur i riket og har fiske og fangst som næring.

Manntalet blir også nytta mhp. tilståing av spesielle rettar og/eller støtteordningar som vert gjorde gjeldande overfor fiskarar og fangstmenn.

Det viser seg at det er stendig meir attraktivt å stå på fiskarmanntalet. Det er "biletten" ein fiskar må ha for å oppnå dei goder som tilkjem fiskarane, med subsidier, konsesjoner og rettar i fiske, sjukelønn og andre sosiale ordningars.

Tabell..... innmeldingar på tilleggslista, Blad B spesifisert på aldersgrupper i åra 1981, 1982 og 1983.

ÅR	under 20 år	21-30år	31-40 år	41-50år	over 50 år	totalt
1981	15	3	2	1	0	21
1982	24	10	2	6	2	44
1983	18	14	5	6	4	47

Tabell..... viser utviklinga i antal fiskarar i Herøy totalt på Blad B fordelt på aldersgrupper for åra 1980, 1981, 1982 og 1983, pr 31.12.

Alders- gruppe:	Under 20år Ant. %	21-30år Ant.%	31-40år Ant. %	41-50år Ant. %	over 50år Ant. %	Totalt Ant. %
--------------------	----------------------	------------------	-------------------	-------------------	---------------------	------------------

År	1980:	51 8,5	192 32,1	112 18,8	103 17,6	137 22,9	597 100
	1981:	46 7,5	192 31,3	128 20,8	109 17,7	138 22,5	613 100
	1982:	49 9,0	166 30,5	107 19,7	101 18,6	120 22,0	543 100
	1983:	65 11,5	168 29,5	120 21,0	95 16,7	127 16,3	569 100

Reglane for å kunne stå oppført på blad B er fortsatt strenge.

Reglane for å stå på blad A er meir vidtfemnande, særleg for å gje rett til opptak til eldre pensjonerte fiskarar og fiskarar med uførepensjon opptil 100 % uføregrad. Herøy Fiskerinemd og Trygdesjefen i Herøy arbeidde aktivt med å endre reglane, slik at pensjonerte fiskarar med uføregrad over 80% skulle bli innførd på blad A.

Ved utlegginga av manntalet hausten 82, vart alle fiskarar med uføregrad høgare enn 80 stroken av manntalet.

Dei fleste av dei fiskarane dette gjald i Herøy hadde samordna pensjonar, som krigspensjon og uførepensjon med ei samordning som gjorde at dei fikk uføregrad på 100. Dette var folk som hadde dreve fiske i all sin dag og i tillegg ofte hadde hatt krigstjeneste. Det var derfor særleg urimelig at desse fall utfor dei rettane som blad A gir.

Reglane vart endra og dei som vart strokne hausten 82 vart oppførde på blad A hausten 83. På blad A er det oppført 75 personer. På blad B er det fortsatt god rekruttering.

Heile 18 personer og vel 38 % av nyinnmeldingane var personer under 20 år. Også gruppa 21-30 år hadde mange nyinnmeldingar med 14 personer og 30 % av nyinnmeldingane. På landsbasis ligg Herøy særdeles godt an når det gjeld ny-rekruttering til fisket.

Det er ikkje plass for alle nye fiskarane i flåten i Herøy, så mange er mannskap på båtar frå andre kommunar i distriktet.

Den gode ny-rekrutteringa er eit resultat av det gode fisker-miljøet i Herøy - det er populert å vere fisker i Herøy, og det er eit stort aktivum for Herøy som fiskerkommune.

FISKEFLÅTEN I HERØY

Herøy har ei stor og variert fiskeflåte. Flåten fisker på dei hav og felt som er vanleg for den norske fiskeflåte.

Flåten i Herøy auka i 1983 frå 243 fartøy pr 31/12-82 til 347 fartøy pr 31/12-83. Det var 19 avganger og 23 tilganger i flåten i løpet av 1983.

Dei tilganger som gjorde størst utslag var 3 nye ringnotfartøy, alle 3 fartøy vart kjøpt med ringnotkonsesjon.

1 ringnotfartøy gjekk ut av merkeregisteret og over til oljeverksemd. Ringnotkonsesjonen vart overført til 4 fartøy i Hordaland.

Innanfor kystfiskeflåten var det ein god del bevegelse, med 12 avganger og 18 tilganger. Av dei 18 tilgangane var det 1 båt som er heilårsdreven. Ellers er det båtar med minimal drift som er innført i merkeregisteret.

Det er no på høg tid at det kjem meir klare og distinkte reglar for innføring av båtar i merkeregisteret. Med dei noværande reglar "svulmar" merkeregisteret av mindre båtar som i hovedsak er hobbyfiskebåtar, og lite å gjere med ervervsmessig fiske. Også i forhold til ulike subsidie-ordninger for fiskeflåten vil det bli misforhold ved desse båtane.

Den aktive del av fiskeflåten i Herøy er moderne, aktiv og veldrevæn.

Viljen og evna til å halde flåten på topp er stor.

Det er viktig at ein arbeidsplan i flåten får like høg status som ein arbeidsplass på land og at politikarane og byråkrati arbeider og handler utifra det.

Arbeidsplassane i flåten har variasjoner i arbeidsforhold og inntekt over tid, men har likevel synt seg å vere like sikre og sikrare, som arbeidsplasser på land og i oljeverksemda til havs.

Fiskeflåten i Herøy 31.12.1983. Storleik og Byggeår/avgang/tilgang 1983

Lengde i M	Ant. fartøyer				Byggeår								1980-1984 Etter 1980 *
	Status pr. 1.1.	Avgang	Tilgang	Status pr. 31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79		
0,0 - 4,9 M	5	-	1	6	-	-	-	-	1	1	3	1	
5,0 - 9,9 M	266	12	18	272	3	5	10	49	38	54	63	48*	
10,0 - 14,9 M	28	2	1	27	-	1	2	3	5	3	6	7	
15,0 - 19,9 M	6	1	0	5	3	-	-	2	-	-	-	-	
20,0 - 29,9 M	11	3	0	8	2	-	1	4	-	-	-	1	
Over 30,0 M	27	1	3	29	-	1	3	9	6	1	9	-	
Totalt	343	19	23	347	8	7	16	67	50	59	81	57	

* 2 uoppgitte byggeår.

*) I 1985 vil denne kolonnen få betegnelsen 1980-1984

RINGNOTFLÅTEN

Ringnotflåten er den dominerende flåtegruppe i Herøy. Ringnotflåten i Herøy er den nest største i landet på kommunenivå, etter Austevoll.

Ringnotflåten i Herøy er aukande. I 1983 var tilgangen 3 fartøy. Båtane er kjøpt av etablerte rederi som har solgt sine tidligere ringnotfartøy og som no fornyer seg.

Ringnotmiljøet i Herøy er særdeles godt og ekspansivt.

Konkuransemomentet mellom rederia har stor effekt på driftsintensiteten for denne flåten.

Ringnotbåtane driv ringnotfiske kombinert med kolmuletråling. I Herøy er det 11 fartøy som er utstyrt for kolmuletråling. 7 båtar dreiv kolmuletråling i 1983. 2 båtar ~~rusta~~ ikke ut, 1 båt kom til Herøy seint på året 1983 og 1 båt er for tida i kystvakta. 2 båtar som driv kolmuletråling er forlengd i 1983 for å auke lastekapasiteten og lønsemda i kolkulefisket. 2 båtar har drive berre ringnot men har montert fryseanlegg og rognpresseanlegg ombord. 2 båtar dreiv kombinert ringnot og industritrål. 2 båtar dreiv berre ringnot på vanleg måte og 1 båt som berre driv ringnot kom inn i flåten på slutten av 1983.

Som ein ser er driftsstrukturen variert innen denne flåtegruppa. Det er venta at ringnotflåten i Herøy vil ekspandere vidare med utskifting av fartøy og kjøp av fartøy med konsesjon til kommunen.

Grunnlaget, miljøet og ekspertisen er i full grad til stades i kommunen.

Totalt er det no 17 fartøy med ringnotkonsesjon i Herøy.

INDUSTRITRÅLERFLÅTEN

Det er att 7 båtar i denne gruppen. Antallet har gått ned fra 10 i 1980 grunna salg og kondemnering.

Båtane som er i flåten i dag er alle stålåtar og er tidlegare ringnotsnurparar. Båtane driv loddetråling om vinteren og ellers i året i Nordsjøen etter tobis, øyepål og kolmule.

I dei seinare åra har det vorte lagt stor vekt på å bevare konsumfisken som blir teken som bifangst.

Maskinelt utstyr som sløyemaskin og vaskemaskin, bingearrangement, konsumfiskrom og kjølemaskineri og is-skruer er blitt montert ombord.

Tilskota frå Olje/fisk-fondet til slik ombygging har vore til stor hjelp ved finansieringa av ombyggingane.

Industritrålarane er etter siste ombyggingane moderne og konkurransedyktige. Påbygging av shelterdekk, nye rorhus og nye vinsjar er foreteke på nokre båtar. Ein vonar å halde på flåten på 7 båtar framover. Ein bør ha såpass mange båtar skal ein oppretthalde dette miljøet. Det kan og vere sjansar nyetableringer eller utviding av eksisterende rederi. På kommuneplan er industritrålerflåten i Herøy den største innan fylket.

BANKLINE/GARNFLÅTEN

Denne flåten består av 8 båtar, derav 5 stål båtar.

1 båt har autoline.

Båtane driv banklinefiske på vestlege felt i EF-sonene, ved Island og i Barentshavet. I 1983 var garndrift aukande. Dårlege prisar på bankfisken var ei av årsakene til dette, og det ser ut som auka garndrift på desse båtane vil vare ved.

Eit driftsalternativ som kan bli eit godt alternativ for denne flåten, er havsnurrevad etter skotsk mønster. I 1983 var ein norsk snurrevadbåt i Nord-sjøen i ei kort periode og fangstresultatet var lovande.

Den venta kondemneringsordninga for kystfiskefartøy vil sannsynligvis sanere ut dei eldste trefartya i denne gruppa. Det er viktig at Herøy klarer å oppretthalde line/garn-miljøet og ny-investeringar i denne flåtegruppen bør få prioritet, og då båtar som kan kombinere line/garn, havsnurrevad og notdrift etter sild.

I Herøy er ialfall ungdom som vil satse innan denne flåtegruppen.

REKEFRYSETRÅLARAR

Denne gruppen består av 3 fartøy, 2 nyare og 1 eldre utskiftmodent fartøy. Eigarane av det eldste fartøyet har kjøpt ein engelsk stortrålar som vil bli ombygd til reketrålar og erstatte tidlegare fartøy.
Desse båtane fiskar ved Grønland, Jan Mayen og Svalbard.

Fangsten blir kokt, frozen ombord for direkte salg til konsument i Noreg og utlandet.

Dei nye rekefelta på djupt vatn ved Vest-Svalbard er eit lyspunkt for desse båtane, som har fått sine kvoter ved Grønland stadig meir nedskorne.

Ein stadig aukande konkurranse for denne flåtegruppa, på landsbasis, er at utenlandske fartøy kan fiske fritt etter reker ved Svalbard. Færøyane som etter ei bi-lateral avtale med Noreg har lov å ha 5 båtar samstundes innanfor svalbardsona, kompenserer det lave båtantallet med å forlenge båtane, auke laste og innfrysingskapasiteten og bygge nye og konkurransedyktige isforsterka båtar, i Noreg. Ellers er både engelske, grønlandske og franske båtar på rekefiske ved Svalbard.

I Herøy har vi eit godt rekefiskarmiljø og god ekspertise som det vil være viktig å ta vare på og å utvikle vidare.

Båtane har hatt brukbar lønsemid dei siste åra, men er avhengige av isfrie forhold ved Svalbard for å oppnå brukbare fangstiintekter over året.

Flåtegruppen er på mange måter ei sårbar flåte ettersom den er avhengig av kvoter i grønlandske farvatn og isfrie forhold i svalbardsonen.

ULIKE KOMBINASJONSBÅTAR AV ELDRE TYPE

Det er 8 båtar i denne gruppa. Det er eldre trebåtar, helst av kuttartypen. Alderen på båtane er i gjennomsnitt oppunder 40 år.

Blandt desse båtane er også sannsynligvis Noregs eldste stålbygde fiskefartøy, m/kr "Erkna" som er bygd i 1907, altså 76 år og fremdeles i drift.

Drifta til båtane er individuell og variert. 2 båtar driv småhvalfangst. Det er venta at over tid vil desse gå ut p.g.a. minkande kvoter på kvalen.

Brugdefangst blir drive av eit antall mellom 4-6 båtar. Prisane på brugdelever og brugdefinnar har vore godt brukbare i dei siste åra.

2 båtar driv med snurrevad om vinteren med brukbart resultat, ellers driv 2 båtar notdrift etter sild og brisling, og hovedfisket er torskefisket om vinteren for dei fleste i denne gruppa.

Den einaste båten som dreiv håbrand-fiske i Nordsjøen vart selt i 1982.

Denne flåtegruppen blir redusert årleg. Båtane er gamle og eigarane er ofte gamle og derfor lysta på å gå ut av fisket. Det er beklagelig at denne flåtegruppen blir redusert ettersom båtane er i passande storleik til å drive både kystfiske av ulik type og fiske til havs.

I 1984 vil det bli levert ein 57 fots nybygd kombinasjonsbåt under 50 brt til Herøy. Det er 3 ungdommar som satsar. Båten er bygd for reketrål, snurrevad og not.

Det er ellers ein del interesse for å skifte ut ein del av desse eldre båtane med nyare båtar. Dette er yngre folk som vil satse innen denne flåtegruppen. Ein skal derfor ikkje avskrive denne flåtegruppen, den vil sannsynligvis få sin renesanse, særleg når vintersilda gjer sitt inntog i større mengder.

KYSTFISKEBÅTAR

I tal er dette den største flåtegruppa i kommunen. Ca 80% av båtane er under 30 fot og ca 20% er over 30 fot. Driftsintensiteten er og varierende. Av ca 140 båtar har 17% drift over 30 veker, ca 25% mellom 15-30 veker og ca 54% under 15 veker og 4% uten registrering.

Utifrå dette ser ein at merkeregisteret inneholder ein heil del båtar som ikkje har ervervsmessig drift i det heile. Det er over 300 båtar under 15 meter i merkeregisteret.

Den gjeldande merkelova er ikkje nok distinkt til å sanere merkeregisteret slik at det er berre båtar som driv ervervsmessig fiske som blir innført. Det viser seg og at sjølv om ein og annan båteigaren er innført på blad B er drifta minimal. Ein treng no å få ei revidert merkelov som er tilpassa dei innfløkte forholda ein har ein har innan næringa m.h.t. konsesjonar, subsidiar og rettar til ervervsmessig fiske.

Den heilårsdrevne kystfiskeflåten i Herøy består av båtar mellom 30-40 fot. Flåten er modernisert og i god stand, og er gode arbeidsplasser for dei som eig og driv desse båtane.

Hovedfisket er vintertorskefisket og ellers linefiske på mørrefelt. Strenge reguleringer innan torskefisket og mindre fisk på lokale linefelt og lave prisar reduserte lønsemada betraktelig for disse båtane i 1983. Driftsalternativ som makrelldriving er aukande.

I framtida vil det bli viktig å finne fram til fiskeredskap som denne flåten kan bruke i vintersildefisket. Garnfisket etter sild gjev mindre bra kvalitet. Herifrå kontoret er det søkt om midlar til utprøving av ei mindre par-trål for sildefiske med kystfiskebåtar.

Også metodar for lossing av sildefangstar frå mindre båtar bør utviklast. Når sildemengdene aukar må også kystfiskebåtane levere sine fangstar til mjøl/olje-produksjon. Då gjeld det å ha lossemetodar for desse båtane som er små i fot men store i antall.

Skal kystfiskeflåten få utnytte sin del av sildemengden som kjem, må ein forske på fangstmåtar og lossemetoder for desse små båtane.

Interessen for ny-investeringer i kystfiskeflåten i Herøy var i 1983 svært liten, og ein må arbeide for å behalde den noverande heilårsdrevne kystfiskeflåte, for å oppretthalde miljøet og ekspertisen i denne flåten. Miljøet blant kystfiskarane i Herøy er særdeles godt.

Fiskeindustrien i Herøy

Herøy har ein stor og variert fiskeindustri. Årlig kvantum ligg på ca 70-80.000 tonn (inkl sildoljefabrikken) og ca 200-220 tilsette. Den dominerande bransjen er salt/klipp-og tørrfisk med 5 verksemder. I tillegg er det i kommunen 2 hermetikk-fabrikker, 1 større fryseri, 1 ferskfisk/fryseri, 2 røykeri og 1 stor sildolje-fabrikk.

I kvantum er sildolje-fabrikken størst med 5-600.000 hl råstoff i året. Fabrikken er viktig for ringnot/kolmule-flåten, og industritrålerflåten i Herøy. Fabrikken er topp moderne og har utstyr for produksjon av spesilamjøl.

Med dei auka mengdene med vintersild vil råstoff-grunnlaget for fabrikken auke.

Dei to hermetikk-fabrikkane produserer middagshermetikk og sardiner, og spesialprodukt. Fabrikken i Fosnavåg vart starta opp etter konkurs med tildels nye eigarinteresser.

Fabrikken kjøper tildels råstoffet frå andre fiskeverksemder i kommunen og særleg rogn, melke, kvalkjøt og ferskfisk.

Vintersilda vil bli eit viktig råstoff for hermetikkfabrikkane i dei kommande åra. Bla. vil fabrikken på Moldtu produsere kippers og nedlagd sildemelke.

Fryseriet i Fosnavåg har allsidig drift. Mottak og salg av reker er viktig. Ellers produserer dei kvalkjøt for Japan, saltfilet og frosne produkt av ulike slag. I tillegg leverer anlegget is og agn, og den eine av lineegnesentralane i Herøy er knytta til dette anlegget.

Lineegnesentralen har fullt belegg og er eit positivt tiltak for kystlineflåten i kommunen.

Eit mindre fryseri/ferskfisk/filet-anlegg ligg og i Fosnavåg. Dette anlegget leverer ein god del råstoff til hermetikkfabrikkane, men driv og utstrakt produksjon av ferskfisk og frosne gryteferdig fiskeprodukt.

Dei to røykeria i kommunen røyker i hovedsak sild og makrell for marked i varmare strok. Den eine verksemda driv og med saltfisk og ferskfiskproduksjon.

Vintersilda vil få aukande betydning som råstoff for røykeria.

Kvantums-messig og i antall verksemder er salt/klipp-og tørrfisk-bransjen den største i Herøy innan konsumfisk. Både bank-og kystflåten er avhengig av desse verksemndene.

Krisa på tørrfisk og klippfisk har gjordt situasjonen vanskelig både for verksem-dene og flåten. Tilverkarane i Herøy har likevel fått selt tørrfisken og ellers sig det ut kvanta med klippfisk.

Klippfisk-tørrfisk-industrien er særleg var før konjunkturane i utlandet og særleg landa i den 3 dje verda og Sør-amerika.

Kjøpeevna til desse landa er drastisk redusert dei siste åra, hovedsakleg grunna høg innflasjon og utanlandsgjeld.

Vintersilda vil påverke fiskeindustrien i Herøy. Det er kanskje på tide å byggje opp ein moderne sildeindustri for konsumanvending av silda. Dette burde vere mulig ettersom kommunen ligg midt i eit område som vil få tyngda av sildemengdene frametter.

Herøy har flåten å fiske silda med, og burde og hatt industri i land å ta vidare hand om silda.

SERVICE FOR FISKEFLÅTENSkipscopyging/reparasjon.

Herøy har no 1 skipsverft som driv kombinert skipsbygging og skipsreparasjon.

Dette ligg i Fosnavåg.

Verftet i Tjørvåg er nedlagd som bygge-og reparasjonsverft.

Av mindre slipper er 1 i Fosnavåg, 1 på Bø og 1 på Nautøya. Den store kystfiskeflåten og fritidsflåten er brukarar av desse.

Service/ombyggings-oppdraga frå havfiskeflåten i Herøy, går i hovedsak til verkstadane/verfta i Sande og Ulstein. På dette området er handelslekkasjen i fleire million klassen. Eit stort minus er at Herøy ikkje for tiden har slipp/dokk for store fartøy. Det er planar om ein stor dokk i løpet av 1984, og dette vil sannsynligvis demme ein del opp for lekkasjen av oppdrag.

Også på service-sida for dei mindre båtane er det behovet større enn tilbodet, og det er sannsynlig at eit variert service-tilbod til denne flåtegruppa har økonomisk grunnlag i Herøy.

Elektrisk/elektronisk service

Både store og mindre båtar har eit vell av elektroniske og elektriske apparat om bord. Service-behovet er derfor stort. Servicen på elektroniske instrument er ofte service-på-timen. Dei fleste større båtane har service på sine instrument hos merkeleverandørane i Ålesund. Det er sannsynlig at det også på dette området er større behov enn tilbud i Herøy.

Fiskereiskap

I Herøy er det to store og veletablerte notbøteri. Eit i Fosnavåg og eit på Eggessønes. Verksemda i Fosnavåg har også trålverkstad for botntrål og flytetrål. Særlig for industrifisk-tråler, reketråler og kolmuletråler.

Den største kundegruppa for begge verksemndene er ringnot/kolmule-fartøya. Verksemda i Fosnavåg har planar om eit større nybygg med notsiloar og nytt bøteloft. Ett av bøteria har også service-stasjon for redningsflåter.

Det er to fiskereiskapsfabrikker i Herøy. Desse produserer tau og garn, og leverer eit allsidig sortement. Fabrikkene er topp moderne med store maskinparkar. Fabrikkane sel mesteparten av produksjonen langs heile kysten.

Hamner

Innan kommunen er det fleire hamner: Runde, Remøy, Leinevika, Straumsstraumen, Flusund, Eggesbønes, Tørvik, Sandebukta, Bø, Tjørvåg, Moldtustranda, Fosnavåg, Kvalsund og Kvalsvik med stort og smått.

På Leinevika og Eggesbønes har det vore ei omfattande utbygging av private kaier, for større fartøy. Eggesbønes har fått 2 store private djupvass-kaier. På Leinevika er det mange mindre kaier til kystfiske og bankfiskebåter, men også kaier for større ringnotfartøy. Utviklinga med bygging av private kaier er gledelig, då offentlege kaier ikkje stettar behovet for kaiplass i dei ymse hamnene. Innan dei fleste hamnene er det plass for vidare utbygging av private kai-anlegg.

På Fosnavåg hamn er det no konkrete planar om bygging av ei offentleg fiskerikai, frå indre almenning til Geile-neset. Det er god von om at grunnen kan ordnast innan kort tid. Den store flåten i Herøy har stort behov for ei stor offentleg kai for utrustning og kortare hamneopphold. Det er å vase at fiskerikaia ikkje blir opplagskai for båtane over lang tid, og såleis hemmar den daglege bruk av kaia.

Også på Fosnavåg hamn er det kome til større private kaier.

Styringa med hamnene vil bli endra når den nye Hamne-lova blir innført. Det vil då kome kommunalt hamnestyre som får styring med alle hamner innan kommunen. Det er venta at det kommunale hamnestyret vil få vide fullmakter.

Bunkers

Det er to bunkersstasjoner i kommunen med djupvasstilfot. I tillegg er det ein bunkersbåt, som ofte bunkrar båtane medan dei lossar. Mesteparten av bunkersen til Herøyflåten blir likevel kjøpt i Ålesund og i andre byar. Dette kjem av at flåten i Herøy driv havfiske og leverer fangstane sine langs heile kysten i lange perioder.

Proviant til flåten

Her er situasjonen stort sett som for bunkers.

Regnskap/administrasjon

Ein del rederi har eigne administrasjonskontor. Dei fleste leiger tenestene ved regnskapskontor. I Herøy er denne tenesta godt utbygd og med god ekspertise. Det største kontoret er eigd av ein bank.

Privatbankane

I Herøy er det 1 sparebank og 1 forretningsbank.

Begge bankane har synt stor vilje og evne til å vere med i finansieringa av prosjekt innan næringa, særleg fiskebåtar, men og innan andre greiner.

For næringa er det ein stor fordel å ha lokale solide bankar som går inn i ofte risikobetonte prosjekt.

Også innan servicebedriftene i Herøy er det eit godt "fiskerimiljø" som virkar stimulerende og utviklande.

Innan service til fiskerinæringa i Herøy er det sikkert område som kan utvidast eller etablere nytt. Særleg skulle ein assortert skipshandel vore i kommunen.

Arbeidet med søknader til Statens Fiskarbank avd. Ålesund utgjer ein god del av arbeidsmengden på kontoret.

Sjølv om låneramma er minimal er søknadsmassen stor.

Totalt var det handsama 57 søknader av alle slag til Statens Fiskarbank.

Likviditetslån

Desse låna var bevilga til kystfiskeflåten/bankfiskeflåten. Søknadsmassen var overraskande lav, men dette hadde si forklaring i årleg annonsering av låneordninga. I Herøy vart det innvilga lån til 4 bankfiskefartøy og 2 kystfiskefartøy.

Fartøygrupper	1000 kr	Ant. søknader
---------------	---------	---------------

Bankfiske

Omsøkt:	1.640	5
Innvilga:	500	4
Innvilgingsprosent	30	80

Kystfiske

Omsøkt:	275	2
Innvilga:	75	2
Innvilgingsprosent	27	100

LAN TIL OMBYGGING OG UTSTYR

Innan denne lånegruppe er det omsøkt og innvilga lån over både ordinære og ekstraordinære midlar i Fiskarbanken. Dei ekstraordinære midlane er øyremerkte større ombyggingar. Dette for å hindre at båtane går til utlandet for å få utført arbeidet med gunstig utanlandsk finansiering.

Behovet for ombygging av båtane og ymse typar utstyr er stort. Fiskarane i Herøy er og svært flinke å vedlikehalde og modernisere båtane sine. Dei ligg på landstoppen også her.

Ved vanskar med å finansiere nybygg, vil fiskarane behalde sine eksisterande fartøy og heller koste på desse. Det er på mange måtar ei uheldig utvikling, for det viser seg ofte at ombyggingane over tid blir like dyre som for nybygg.

Sirkulasjonen i flåten, med utgang av eldre fartøy og inngang av nye fartøy blir og særdeles liten ved dagens tilstander for bygging av nye fiskebåtar.

Ein kan spørje seg kva den norske ringnot/kolmuleflåte hadde vore uten den store nybygginga 77/78 (Gjerde-båtene)?

Fartøygrupper	1.000 Kr	Ant.søkn.	Egne omb. utstyr
<u>Ringnot/komule</u>			
<u>Ekstraordinære midler</u>			
Omsøkt	3000	2	forlenging
Innvilga	3000	2	
Innvilgingsprosent	100	100	
<u>Ordinære midler</u>			
Omsøkt	4500	4	forlenging, fryse-
Innvilga	2200	4	utstyr. asdic, RSW-
Innvilgingsprosent	49	100	anlegg

Fartøygrupper	1.000 Kr	Ant. søkn	Type omb. utstyr
<u>Ordinære midler</u>			
<u>Industritrål</u>			
Omsøkt	2750	3	shelterdekk, trål-
Innvilga	2350	3	vinsjar, rorhus,
Innvilgingsprosent	85	100	beckerror, stab.tank
<u>Ordinære midler</u>			
<u>Rekefrystrål</u>			
Omsøkt	350	1	fryseutstyr
Innvilga	0	0	
Innvilgingsprosent	0	0	
<u>Ordinære midler</u>			
<u>Bankfiske</u>			
Omsøkt	550	3	overbygg,
Innvilga	300	1	shelterdekk,
Innvilgingsprosent	55	33	rominnredning
<u>Ordinære midler</u>			
<u>Kystfiske</u>			
Omsøkt	94	2	innredning, line-
Innvilga	10	1	spill
Innvilgingsprosent	11	50	

LÅN TIL NYBYGG

Interessa for nybygg var størst innanfor gruppa 50-75 fot. Båttypane det er søkt om avspeglar dei mange konsesjons-begrensningane som finnast innan norsk fiske.

Blant søknadene var ein snurpar/trålar på 69,9 fot. Den spesielle fotgrensa er for å fiske på eit friare grunnlag etter sild og makrell i Nordsjøen. Eit anna prosjekt er på 57 fot og under 50brt. Desse fot og bruttotonn-begrensningane er for å drive reketrålfiske i Barentshavet uten å ha reketrålkonsesjon. Konstruksjonsmessig er det ofte ei heil rekke med kompromiss på slike båtar, og fullgode løysingar er ofte hemma av plass og kapasiteter.

Fartygrupper	1.000 Kr	Ant. søkn
Kystsurer/tråler	6.775	1 Avslag
Kystreketråler/snurrevad	2.576	1 ---"
Bankfiske line/garn	550	1 ---"
Kystfiske	604	2 Avslag

Det er å vone at Statens Fiskarbank snart får tilført midler til nybygg. Dei som har planer om nybygg sonderer terrenget i utlandet, Særleg Danmark.

SERVICEANLEGG FOR FISKEFLÄTEN

Her var det 1 søknad på 450.000,- til eit større notlager/trålverksted ved eit av notbøteria i kommunen. Det var innvilga 250.000,- som utgjør ca 10% av totalkosnaden for heile prosjektet. I tillegg er det lån/tilskot frå DUF og lån i private bankar og egenkapital.

Fiskeindustrien hadde ingen lånesøknader hverken til ny-investeringar eller utstyr.

LÅN TIL BRUKTE FARTØY

Innan denne lånegruppa er det i hovedsak snakk om overtaking av eksisterande lån ved kjøp av brukte fartøy. Søknader om nye lån ved kjøp av brukte fartøy vart ikkje innvilga. Ved kjøp av brukte fartøy må lån i privatbankar og egenkapital dekke opp den ofte store differansen mellom pris på fartøyet og overførbare påkvilande lån i Statens Fiskarbank. Bankane i Herøy har vore særleg positive til å gje lån til slike kjøp. Dette er eit stort aktivum fiskarane i Herøy har. Det ser ut som bankstyra vurderer fiskeriprosjekt som gode prosjekt. Det er likevel klart at andelen av eigenkapital og kva type båt/konsernjonar som er i bildet ofte er avgjerande i slike prosjekt. Ettersom det er størst interesse/miljø for ringnot i kommunen, er og søknadsmassen størst innan denne gruppen.

Fartygruppe	1000 Kr	Ant. Søknader
<u>Ringnot/kolmule</u>		
Omsøkt(påkvilande lån)	11.692	3
Innvilga----"----	11.692	3
Omsøkt (nye lån)	5.000	1
Innvilga----"--	0	0
Innvilgingsprosent	0	0
<u>Kystfiske</u>		
Omsøkt (påkvilande og nye lån)	229.	2
Innvilga	212	2
Innvilgingsprosent	93	100

REISKAPSLÅN

I 1983 var det bare 4 søknader på slike lån. Å ruste ut ein fiskebåt, både innan kystfiske og havfiske, med reiskap, er eit stort økonomisk løft for båtane. Dei fleste båtane prøver å betale reiskapa over båtkassa, og fordele det over heile året. Ved større kjøp som ei kolmulenot eller ei ringnot må båtane stort sett søke om langsiktig finansiering.

Lang kreditt-tid frå leverandørane er også medverkande til at båtane klarer å betale reiskapane over båtkassa.

Fartygrupper	1000 Kr	Ant. søknader
<u>Bankfiske(garn)</u>		
Omsøkt	300	1
Innvilga	0	0
Innvilgingsprosent	0	0
<u>Industritrål</u>		
Omsøkt	50	1
Innvilga	50	1
Innvilgingsprosent	100	100
<u>Kolmuletrål</u>		
Omsøkt	390	2
Innvilga	250	1
Innvilgingsprosent	64	50

UTSETJING PÅ BETALING AV AVDRAG PÅ LÅN I STATENS FISKARBANK.

Rederia søker om $\frac{1}{2}$ års utsetjing på betaling av avdrag. I søknadsmassen er det båtar med fleire søknader.

Alle søknadene vart innvilga, utanom 1 søknad frå ein kystfiskebåt med svært lav driftstid i fiske.

Innanfor grupper var fordelinga slik i 1983:

Ringnot/kolmule	4
Industritrål	4
Bankfiske	6
Kystfiske	5 (1 avslag)
Rekefrysetrål	<u>1</u>
Totalt	<u>20</u>

Sett i forhold til åra 1979-82 har ringnot gått ned frå 16 søknader i 79 og, 9 søknader i 82 til 4 søknader i 83.

Industritrål ligg ca på det same som tidlegare, utanom i 79 med 8 søknader.

Bankfiske har lege på 2-3 søknader pr år men kom opp i 6 i 83. Dett har klar samanheng med den minkande lønsemda i denne flåtegruppa.

Kystfiske auka og drastisk frå 1 søknad 82 til 5 søknader i 83.

Rekefrysetrål hadde 1 søknad mot 0 i 82.

SØKNAD OM KONSESJONAR I FISKEFLÅTEN, NYE OG OVERFØRINGAR.

Søknadsmassen viser at aktiviteten innan flåten er stor.

Innan ringnot var det 3 søknader om eigedomsrett/konsesjonsoverføring på fartøy som var søkt innkjøpt frå andre kommuner. Alle dei 3 båtane vart innkjøpt av etablerte rederi. Båtane er topp moderne og i god stand og er eit verdi-fullt tillegg til ringnotflåten i Herøy.

Eit ringnotfartøy søkte om å auke konsesjonskapasiteten ved "kjøp" av ledig konsesjonskapasitet. Dette vart innvilga, og båten fekk dermed utnytta sin faktiske lastekapasitet.

Det var 3 søknader om innføring i merkeregisteret av nybygg mellom 57-69,9fot. Desse båtane er tenkt brukt til reketråling, ringnotfiske og havsnurrevad. Eit av prosjekta vil bli realisert i løpet av 1984. Dette er 3 ungdommar som satsar på nybygd fiskebåt.

3 Industritrålarar som har påbygd shelterdekk sende inn melding om auka lastekapasitet.

2 søknader gjaldt kjøp av part i ringnotfartøy, overføring av partane var innan rederia og til dei aktive i drifta av fartya.

En industritrålarar søkte om å få beholde ringnotkonsesjonen eller bytte den til ein reketrålkonsesjon. Søknaden vart avslagen og ringnotkonsesjonen inn drengen.

Rekrutteringsløyve til snurpenotfiske etter norsk vårgytande sild var det 6 søknader om frå båtar i Herøy.

1 løyve vart innvilga slik at det pr 31/12-83 er 5 båtar med slikt løyve i Herøy.

Det er store forventningar til desse løyva etterkvart som sildebestanden veks.

Skade på trålredskap grunna oljeverksemda i Nordsjøen.

Omsøkt skadebeløp (inkl. fangsttap): 1.044.260 (688.795+355.465)

Antall skader: 32

Antall fartøy med skader: 7

Gj.sn. ant. skader pr båt: 4,6

Gj.sn. skadebel.pr båt 149.180 redskapsskader 98.399
tapt fangst 50.791

Ant.ind.trålarar i drift: 9

inkl. 2 ringnotfarty som driv tobis-tråling om sommeren

Merk: 6 av båtane har dei fleste skadane. 1 av dei kombinerte ringnotbåtane/tobistrålarane har 1 skade på 48.000,-. Den verkelege gjennomsnitten pr båt er nærmare 175.000,-. Ein av trålarane frå Herøy har ikkje sendt trålskadane sine gjennom dette kontoret, slik at statistikken ikkje er korrekt.

Båtane som driv hardast har og flest skadar og dei har eit skadebeløp som ligg langt høgare enn gjennomsnitten.

Sjølv om "festa" stadig blir oppdaga og merka i trålkarta, ligg skadeantallet likevel på eit høgt antal.

Kap. 10OLJE/FISK-FONDET

Industritrålarane er begunstiga ved tilskot frå Olje/fisk-fondet.

I 1983 var det stor interesse båtane å modernisereslik at dei bedre kan ta vare på konsumfisken som dei får som bifangst og ellers ved reint konsumfiske.

Ved opprustinga desse båtane har gjort i 1983 er alle båtane no godt rusta for å ta godt vare på råstoffet, både industrifisken og konsumfisken.

Tilskotet som er innvilga på dei ulike typar utstyr går fram av tabellen. Derimot fekk eit landanlegg som søkte om tilskot til moderne pakke-utstyr for konsumfisk avslag.

Det er reist kritikk blant garnfiskarane som fiskar sei og torsk i Nordsjøen, mot at det kun er industritrålarar som får tilskot frå Olje/fisk-fondet til utstyr.

Garnfiskarane meiner dei bør være like berettiga til Olje/fisk-fond tilskot til sløyfemaskiner, fiskevaskemaskiner og transportband m.m., ettersom dei fisker konsumfisk i Nordsjøen, ofte på heilårsbasis, og er avhengig av å leve kvalitetsfisk for å oppnå brukbare priser.

Garnfiskarane meiner og at dei er like mykje hemma i si drift, grunna oljeverksemda, som industritrålarane. Her viser dei til minkande disponible felt og skreming av fisken med skyting under seismisk oljeleiting.

Totalt frå og med 1981 til og med 1983 er det over Olje/fisk-fondet frå båtar i Herøy omsøkt kr5.163.118,-, og innvilga kr3.338.885,- og totalt 22 søknader.

Olje / fisk-fondet har utifrå det ovanforståande vore til god hjelp ved moderniseringa av industritrålerflåten i Herøy.

Olje/fisk-fondet

Omsøkt utstyr	ant. Søkn.	Omsøkt beløp	innvilga tilsagn	Tilskoti prosent av totalkostn.
Trålvinsjar/vinsjerør	5	905.798,-	352.638	39%
Isolering av lasterom	3	745.095,-	233.397,-	31%
Kjøleanlegg/Ismaskin	3	541.750,-	199.875,-	37%
Dekksarrangem/transpb/ Slangemask./Vaskemask	2	548.500,-	400.000,-	73%
Totalt flåtesiden	13	2.741.143.	1.185.910	43%
Gj.sn. omsøkt/innvilga		210.857	91.223	
<u>Landanlegg:</u>				
Modernisering av Produk sjon	1	380.300	0	0

AQUAKULTUR

I Herøy har oppal av laks og aure ikkje nok stort omfang. I Herøy var det 2 konsernjonar i 1983 - 1 aktiv o 1 passiv. Søknadsrunden for nye konsesjonar var venta å gje 1 ny konsesjon til Herøy. Utifrå dei naturgjevne forholda burde Herøy ligge langt framme i denne nye'og ekspansive næringa.

Herøyværingane var ikkje våkne nok i den tidlige ekspansjon i næringa.

Det er heva over tvil at aquakultur i vidaste omfang er ei framtidsnæring som Noreg som nasjon har store muligheter i.

Oppal av laks og aure er berre byrjinga. Om nokre år vil det vere like vanleg å ha torsk, kveite, breikjeft og andre fiskeslag i "bur".

Problema med å få fram yngel av desse fiskeslaga vil bli løyst etter kvart. Den norske forskninga innan aquakultur ligg langt framme og ein kan vente store resultat i dei komande åra.

Kvalitets-og marknadsmessig har oppdretta fisk synt seg å ha føremuner framfor "vill" fisk. Jevn kvalitet og jevne leveranser over heile året skaper gode forutsetnader for salg til gode prisar.

I Herøy bør ein i dei komande åra vere merksam på dei mulighetene som ligg i oppdrett av andre fiskeslag enn laks og aure.

Det er og å vone at dei beste områda for aquakultur i Herøy ikkje blir så sterkt reduserte utifrå miljøvern-omsyn. Kva som blir det endelege resultat i "Den Grønne Korridor" er framleis usikkert, men det vil bli foreteke vitskaplege målingar i løpet av 1984 for å fastslå den biologiske og oceanografiske stoda i området.

Innan aquakultur, som innan andre næringar, er det viktig å bygge opp eit miljø som verkar stimulerande på utøvarane i næringa.

I 1983 var det ei ny søknads- og tildelingsrunde for konsesjonar for oppal av laks og aure.

I Herøy var det totalt 24 søknader, av dei var 15 nye søknader og 9 gjenopptekne frå forrige konsesjonsrunde.

Lokaliseringa på dei omsøkte anlegga var 11 på Holmefjorden/Leinevika, 2 i Torvik, 3 på Leikong, 5 på Nautøy, Røyrasundet, Sandvika, 2 på Eggesbønes og 1 på Sandebukta.

Det store søkerantallet på Holmefjorden/Leinevika er til ei viss grad eit resultat av den usikre situasjonen som er i "Den Grønne Korridor".

Ellers i Herøy er det ei viss interess for oppal av østers. Det er no eitt anlegg i drift, der veksten er god.

Det ser ut som det kan bli ei auke i antall anlegg for dyrking av østers. Problemet er å skaffe yngel. Mesteparten av yngelen til norske anlegg kjem no fra Skotland. Den mest populære typen er europeisk øster, edulis. Stillehavsoystersen gigas, er hardfør og veks fort men har lavare marknadspris.